

# MØTEREFERAT Utleira Idrettslag



## Fellesmøte om idrettspark og fleirbrukshall, Utleira skole 26.10.2006

<b>Til stede:</b>	<b>Referent:</b>
Roar Melum, Harald Høydal, Stener O. Johansen og Ole Jonny Klakegg (Utval for idrettspark og fleirbrukshall), Siri Rufsvoll (Utleira skolekorps), Roald Birkelund og Eirik Aune (FAU), Rune Sandmark (Trondheim kommune/Kultur og fritid), Astrid Heide Vaskinn (Trondheim kommune/FYSAK), Jarle Karlsen, Anne Hoff og Jan K. Hammernes (Utleira IL), Kristin Eggen (Idrettsrådet)	Ole Jonny Klakegg  (Referatet gjenspeglar ikkje heile breidda i drøftingane)
<b>Fraværende:</b>	<b>Kopi til:</b>
	Alle innkalte

Sak nr.	Tema	Ansvar	Frist
1)	<b>Åpning, presentasjonsrunde rundt bordet</b> Roar Melum ønska velkomen og presenterte målet for møtet. 13 personar som representerte ei rekkje av dei viktigaste lokale interessentane vart talt opp. Tidspunktet gjorde dessverre at ein del interessentar ikkje kunne møte denne gongen.		
2)	<b>Status i saka</b> På vegne av utvalet presenterte Harald Høydal ei oppsummering av bakgrunn og status. Kortfatta det som har skjedd sidan førre fellesmøte i bydelen om saka: <ul style="list-style-type: none"><li>- Bydelsmøtet 5.4.2006. Utvalet fekk sitt mandat.</li><li>- Faktaarket 28.4.2006. Kvintessensen av saka på eit A4-ark</li><li>- Behovsdokumentasjonen 5.5.2006. m bidrag frå bydelen</li><li>- Møte med Trondheim kommune (TK) og Heimdal Utviklingsselskap AS (HU). 12.5.2006. Saka lagt fram for administrasjonen TK. God forankring.</li><li>- Innspel til TK kommuneplan, arealdelen, ca. 20.6.2006.</li><li>- Foreløpig funksjonsprogram BYGG. 26.6.2006. Oppsummerer alle konkrete funksjonar i bygget.</li><li>- Foreløpig funksjonsprogram UTOMHUS. 18.8.2006. Oppsummerer ynskje og idear for funksjonar utomhus.</li></ul> Utvalet har valt ein klar strategi tufta på positivt samarbeid og medverknad i alle retningar. Inntil det evt. viser seg at nokon av partane vi er avhengige av ikkje følgjer opp sin del av dette samarbeidet står denne strategien ved lag.  Utbyggar (HU) er aktive og signaliserer sterkt at dei er med. Har signalisert klart i fleire møter at dei vil bidra til å støtte opp under prosjektet. HU er aktive i forhold til kommunen og		

Sak nr.	Tema	Ansvar	Frist
	<p>planprosessen. Utvalet har hatt fleire møter med HU.</p> <p>Administrasjonen i TK er også positive og alle instansar har gjeve positive signal foreløpig. Kultur og idrett, plan og bydrift. TK er stor grunneigar i området. Dette er ein viktig nøkkel til løysinga. Det er mogleg å få til nødvendig løysing på tvers av eigedomsgrensar.</p> <p>Politikken er ein viktig faktor i prosjektet. Også ovanfor politikarane vil vi signalisere samarbeid. Bydelen v/utvalet legg fram ein pakke dei ikkje skal kunne seie nei til. Ein del politiske møter har vi deltatt i, og fleire er planlagt. Også politisk er det mange positive signal. Vi prøver gjere dette til ei valkampsak. Det lokale arbeiderlaget er interessert i å fronte.</p> <p>Den tverrfaglege einigheita om behovet, plasseringa og fornuften i prosjektet er bra, men medfører også lite temperatur i diskusjonen. Alternative strategiar er drøfta, men ligg foreløpig på is.</p> <p>Landbruksmyndigheitene er (sjølv sagt) negative til å gjere Utleir Vestre om til utbyggingsområde. Men utvalet er likevel optimistisk. Kommunen har lagt det inn i sitt framlegg. Samfunnsnyten er veldig stor når det rommar sosial infrastruktur for ein stor bydel som ikkje har slik frå før. Planprosessen inneber at synspunkta til interessentane i forhold til revidert kommuneplan arealdel blir kjent i november. Offentleg høyring er planlagt på nyåret og vedtak utpå våren/forsommaren 2007. Vi er avhengig av parallell reguleringsplanprosess for å kunne klare å legge inn søknad om tippemidlar sommaren 2007<sup>1</sup>. HU har signalisert vilje til å ta den økonomiske risikoen ved dette.</p> <p>Norgeshallen er ein spesialisert leverandør av fleirbrukshallar og har kompetanse på drift og finansiering av slike. Vi har god kontakt med dei og har brukt deira konsept som basis i vår planlegging. Dette binder oss foreløpig ikkje til dei som leverandør. Dei har skaffa oss mykje materiale og signaliserer vilje til å kome og informere oss i eit seinare møte.</p> <p>Media; utvalet har valgt å ligge lågt i terrenget foreløpig. Strategien er å bygge opp mot eit godt tima initiativ med mediaoppslag for å få opp engasjementet fram mot dei viktige beslutningane. Det er viktig å vente til rett augneblink. Vi byggjer i mellomtida opp budskapet og argumenttrekkjene. Ein av dei viktigaste ting vi manglar no er ei visualisering av korleis det faktisk vil kunne bli, med rette dimensjonar og plassering etc. HU vurderer om dei kan hjelpe oss med det.</p> <p><sup>1</sup>Idrettsrådet åtvare sterkt mot å sette spaden i jorda før søknad om tippemidlar. Det er ekskluderande.</p>		

Sak nr.	Tema	Ansvar	Frist
3)	<p><b>Prioriteringar og ambisjonsnivå</b>  Ole Jonny Klakegg presenterte konkrete skisser og kostnadstal så langt som dei er utvikla. Hensikten var å få forsamlinga med på å prioritere/definere ambisjonsnivået for det vidare arbeidet. Presentasjon konkretiserte fleire ulike alternativ med ulike ambisjonsnivå. Det vil seie med ulike omfang og kostnader. Presentasjonen ligg ved referatet. Moment frå drøftingane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kultur må sikrast tilstrekkelege areal – det er stor underdekning i Trondheim øst.</li> <li>- Idretten treng meir kapasitet i Trondheim, fleire speleflater. Det er ingen billegare måte å få til dette på enn å bygge to, når ein først skal bygge fellesfunksjonar som garderobe etc. Må gjere noko som verkeleg hjelper på problemet.</li> <li>- Fritidsaktivitet er eit ord som kan dekke heile innhaldet i eit fleirbruksanlegg. Difor ikkje så godt ord på ein liten del av heilskapen. Utvalet er oppe for gode forslag til kva ein heller kan kalle det som omfattar aktivitetar som ikkje er dekkja naturleg anten under kultur eller idrett.</li> <li>- Badehuset er eit anlegg som ikkje passar inn i dette konseptet. Det er for kostbart både å byggje så smått og drifte, passar dårleg inn i eit opplegg drive ved frivillig innsats. I tillegg er det ikkje heldig reint teknisk saman med resten av bygget. Det er likevel einigheit om at eit slik behov eksisterer og at det bør finnast eit slikt tilbod i Trondheim øst. Det er ynskjeleg å finne plass til noko slikt i området.</li> </ul> <p>Konklusjonar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Badehuset går ut av vårt konsept. Det bør likevel vere aktuelt å jobbe for å få dette inn i TK sine planar for ein symjehall i Trondheim øst. Om Utleir vestre er aktuell lokalisering for dette, vil det bli i form av eit framtidig byggetrinn.</li> <li>• Bydelen stiller seg bak eit heilheitleg prosjekt som er ambisiøst, og som verkeleg gjer noko med behova i bydelen. Heile Trondheim øst vil nyte godt av både kultur- og idrettsdelen av prosjektet.</li> <li>• Utvalet vil jobbe vidare med å konkretisere og forbetre det framlagte konseptet fram mot beslutning og realisering.</li> </ul>	Utvalet	Fortl.
4)	<p><b>Vegen vidare</b>  Moment frå drøftingane på slutten av møtet. Utvalet tek dette med seg som ein idébank og vil bruke dei relevante innspela etter kvart.</p> <p>Kommunikasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Etablere ein informasjonsplan (info til kven, kor tid, på kva form)</li> </ul>		

Sak nr.	Tema	Ansvar	Frist
	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bruke internettsidene enno meir aktivt enn hittil. Meir tilrettelegging for debatt på sidene. Spørsmål og svar. Avstemming? Tekniske moglegheiter vert sjekka med webmaster.</li> <li>- Media: korleis få oppslag, og kor tid er rett tidspunkt for å ta initiativ? Kven er nøkkelpersonar i bydelen som vil kunne få mediaoppmerksomhet? <b>Kven kjenner media og slike nøkkelpersonar? Utvalet må få innspel på namn.</b></li> </ul> <p>Pressgrupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har vi brukt alle dei relevante organ som er tilgjengeleg? Eksempel på instansar som ofte blir gløymt er barnas representant i bygningsrådet/formannskapet, Ungdommens bystyre etc. Finst det andre? Utvalet vil ha innspel.</li> <li>- Etablere kontakt med grupper som hittil har vore lite involvert som t.d. eldre, ungdommen, innvandrarar. Korleis komme dei i tale? Utvalet treng innspel/namn.</li> <li>- Idrettsgrupper og kulturgrupperingar som ikkje enno er inne i dialogen om prosjektet, men som har behov som blir avlasta med dette prosjektet. Gjerne mindre grupper.</li> </ul> <p>Posisjonering:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Korleis få dette prosjektet til å framstå som ei flaggsak? Korleis bygge opp eit budskap som utløyser meir oppmerksomheit og kan bane veg for større midlar?</li> <li>- Kulturenheten i Trondheim kommune burde vere ein viktig aktør å ha meir og tettare kontakt med. Viktig å bygge opp ein enno sterkare kulturprofil i prosjektet. (Utvalet er utvida med dette for auget). Korleis passar vårt prosjekt inn i framtidspanane i kultursektoren i TK?</li> <li>- Fylkespolitikarane er viktige beslutningstakarar i det avgjerande spørsmålet om å få bygge ut på Utleir Vestre. Kven kjenner/har tilgong til å påverke dei?</li> </ul> <p>Konkret om organisering av arbeidet:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Konseptet: Foreløpige funksjonsplanar må reviderast og bearbeidast slik at vi er sikker på at det vi legg fram er godt gjennomarbeida. Dei som var med i førre runde får dokumenta på høyring og må gje attendemelding til utvalet innan november.</li> <li>- FAU har tatt tak i utomhusplanen for uteområda ved skulen og har sett ned ei eiga gruppe. Det er kjempebra. Denne delen av prosjektet er ikkje avhengig av planavklaring og kan settast i verk umiddelbart. Resultatet av deira arbeid vert integrert i utvalet sin dokumentasjon.</li> <li>- Det må nedsettast ei gruppe som skal jobbe med driftsmodell og finansieringsmodell. Det må identifiserast aktuelle kandidatar til denne gruppa utanom utvalet.</li> </ul> <p><b>Interessentgrupper og enkeltpersonar vert oppmoda om å bidra med namn/melde seg til teneste.</b></p>	<p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p> <p>Alle</p>	<p>Snarast råd</p> <p>Snarast råd</p> <p>Snarast råd</p> <p>Snarast råd</p>

Sak nr.	Tema	Ansvar	Frist
5)	<p>Møtet konkluderte med at mandatet til utvalet er fornya, og at ambisjonsnivået framleis skal vere høgt. Dette skal vere eit heilskapt og godt prosjekt som verkeleg betyr noko for lokalmiljøet og bydelen.</p> <p>Utvalet går laus på det vidare arbeide med fornya entusiasme og tru på konseptet. Utvalet vil framleis vere ein sentral ressurs og koordinere arbeidet.</p> <p><b>Eventuelt</b> Ingen saker.</p> <p>Møtet vart heva kl. 22.55 men fortsette uformelt utanfor lokalet.</p>		